

# Handlingsplan for Hardangerkoret - 2017

Vedteken på årsmøtet på Norheimsund barneskule, 18/2- 2017

## 1. Organisering og rekruttering:

-Hardangerkoret er medlem av Norges kirkesangforbund. Ved å vere organisert i ein kororganisasjon, står koret i ein større samanheng, og kjem også inn under særavtalar som kororganisasjonar har når det gjeld TONO, momskompensasjon med meir.

-Hardangerkoret vil samarbeide med Voss Folkehøgskule og andre folkehøgskular som kursarrangør for korhelgene.

-Hardangerkoret vil framleis rekruttere nye songarar til koret, og sender invitasjon og info om koret både her regionalt til kommunane i Hardanger, til Voss og omegn- og også ut til heile Bjørgvin via Bjørgvin Kyrkjesongforbund. Med knutepunkt Voss, vil vi også knyte kontaktar austover når det gjeld rekruttering.

## 2. Økonomi

-Folkehøgskulen får som kursarrangør stønad til vaksenopplæring for Hardangerkoret i form av elevtilskot, der koristane vert rekna om til x antal årselevar.

-Folkehøgskulen tilset dirigenten i minst 25% av kurstimetalet, slik at koret har hjemmel for å ha kortkurs i regi folkehøgskulen uansett stad.

-Folkehøgskulen og Hardangerkoret skal ha ein økonomiavtale om kurssamarbeid.

-Hardangerkoret vil søkje om stønad frå Hardangerrådet, SparebankenVest og andre.

-Koret skal vidare gjere ein innsats for å finne andre støtteordningar, ulike sponsorar, og ein hovudsponsor.

-Koret vil søkje på Aktivitetsmidlar for kor, kulturmidlar og sponsormidlar lokalt der konserten vert arrangert, med meir. Og koret skal leggje vinn på å finne sponsorar til konsertannonsene.

## 3. Kurs

I 2017 arrangerer Hardangerkoret 5 opne korseminar. 17-19.februar, 26-28.mai, 25-27.august, 10-12.november og 8-10.desember.

Fast instruktør for koret og på kursa er Per Oddvar Hildre.

## 4. Konsertar

27.august: Konsert i Indre Arna kyrkje kl.15.00 (evt. samarbeidspart?)

27.august: Konsert i Bergen eller omegn ca kl.19.00 (evt. samarbeidspart?)

9.desember: Konsert i Odda kyrkje kl.? (Samarbeidspart Odda kulturskule)

10.desember: Konsert i Norheimsund kyrkje kl.? (Samarbeidspart Hardanger Big Band)

# Handlingsplan for Hardangerkoret - 2017

Vedteken på årsmøtet på Norheimsund barneskule, 18/2- 2017

Samarbeidskonsert med Sunnivakoret innan den første 2- årsperioden?

Medverkand i høve viktige markeringar i Hardanger og ved festivalar som Hardingtonar og andre?

Arbeide for konsertprosjekt festspela 2018 eller 2019

## 5. Korturar

I korvedtektene frå stiftinga 2008, heiter det mellom anna at:

”Koret vil profilere Hardanger med konsertar både i og utanfor regionen.”

Førebels koret vore aktivt i Hardanger, Voss, Bergen og nær omegn.

Og i 2016 hadde koret ein flott kortur til New Orleans.

På langtidsplanen satsar vi på korfestival/ kortur i Europa innan 2018 (jubileumstur), og kortur innan Europa/ utanom Europa innan 2021.

## 6. Web-side

Hardangerkoret har si eiga web-side: [www.hardangerkoret.no](http://www.hardangerkoret.no) . Vi ønskjer å bruke denne sida aktivt, slik at ho kan vere ein viktig arena for koret. Alle kormedlemmer melder seg som forummedlem og brukar aktivt For medlemmer på nettsida. Her finn ein info berre til internt korbruk, og ein finn link til notar og etterkvart lydfiler og anna info som berre skal brukast internt i koret. Sida skal også vere ein enkel ressursbank, der vi lagrar konsertprogram og anna informasjon frå tidligare verksemd i Hardangerkoret.

Det er også oppretta ei Facebookside for Hardangerkoret.

## 7. Logo

Hardangerkoret brukar kunstnaren Arne Bakke Mælen sitt tresnitt ”Korferd i Hardanger” som logo.



**HARDANGERKORET**